

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
056/23	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.05.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arnstein Øvsthus	23/1541

Forvaltning av hjort - jakt sesong 2023

Vedlegg:

Hjort - tildelte og felte dyr - 2022

Hjort - tildelte og felte dyr - per vald 2022

Dispensasjon frå hjorteviltforskrifta § 18 - løyve til kvotefri jakt

Bestandsutvikling hjort

Oversikt over sett hjort

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tek orienteringa om resultatata etter hjortejakta i 2022 til etterretning.

Utvalet vedtek med bakgrunn i forvaltingsplanen for hjort og resultatata frå jakta i 2022 følgjande rammer for jakta i 2023:

Ramma for tildelte dyr vert uendra frå 2022, dvs. ei ramme på 819 dyr.

Administrasjon fordel kvota etter gjeldande retningslinjer, i tråd med forvaltningsplanen og med dei justeringar ein vurderer som naudsynt.

Administrasjonen kan – etter grunngjeve søknad frå hjortevalda – i tillegg gi løyve til kvotefri jakt på hjortekalv i heile jaktperioden.

Plan- og kommunalteknisk utval - 056/23

PL - behandling:

Kommunalsjef Arstein Øvsthus orienterer.

Aksel Mjøs, H, sette slikt endringsframlegg på vegne av utvalget:

Dei to siste punkta i kommunedirektøren sitt forslag vert endra til desse tre punkta:

- Utvalet er uroleg for det store uttaket av vaksne hodyr og vil difor be om at tildelingane blir endra med ein høgare % på kalv og ungdyr innanfor dei rammene som forvaltningsplanen gjev, med dette 70 % kalv og ungdyr, 30 % vaksne over 1,5 år
- Utvalet bed om at administrasjonen kjem med forslag til kriterie for adgang til fri kalveskyting i årets jakt etter søknad, til neste møte i utvalet
- Utvalet vil be om at ein fullstendig gjennomgang av jaktresultata for 2022 og 2023 vert lagt fram i tide til ei vurdering av om forskrifta om minsteareal trengs å justerast innan fristen 15.3.2024

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Utvalsleiaren sitt endringsframlegg vert samrøystes vedteke

PL - vedtak:

Utvalet tek orienteringa om resultatata etter hjortejakta i 2022 til etterretning.

Utvalet vedtek med bakgrunn i forvaltningsplanen for hjort og resultatata frå jakta i 2022 følgjande rammor for jakta i 2023:

Ramma for tildelte dyr vert uendra frå 2022, dvs. ei ramme på 819 dyr.

Utvalet er uroleg for det store uttaket av vaksne hodyr og vil difor be om at tildelingane blir endra med ein høgare % på kalv og ungdyr innanfor dei rammene som forvaltningsplanen gjev, med dette 70 % kalv og ungdyr, 30 % vaksne over 1,5 år

Utvalet bed om at administrasjonen kjem med forslag til kriterie for adgang til fri kalveskyting i årets jakt etter søknad, til neste møte i utvalet

Utvalet vil be om at ein fullstendig gjennomgang av jaktresultata for 2022 og 2023 vert lagt fram i tide til ei vurdering av om forskrifta om minsteareal trengs å justerast innan fristen 15.3.2024

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Osterøy kommune vedtok våren 2022 ein forvaltningsplan for hjort for perioden 2022-25.

Det er ei målsetting at forvaltninga av hjortestamma på Osterøy blir forvalta etter denne planen.

Denne saka samanfattar nokre hovudtrekk frå jakta i 2022, og gir kommunedirektørens innspel til rammor for årets jakt.

Jaktseasonen 2022 var fyrste året etter denne planen. Det vart for seasonen vedteke betydeleg fleire løyve enn tidlegare år. Totalt vart det tildelt 819 fellingsløyve, ei markant auke frå føregåande år.

I tillegg til auka kvote, vart det òg gjeve løyve til fri kalveskyting. Det vart felt 657 dyr, dette inkluderer fri kalveskyting. Tal på dyr felt under kvote for fri kalveskyting er ikkje skild ut i statistikken.

Utval av statistikk frå 2022 ligg ved. Nokre hovudfunn:

Tal for dei 4 føregåande år har vore stabilt, og det er brukt eit snitt av desse åra som referanse.

Talet på tildelte dyr i 2022 var 819, mot snitt for perioden 2018 – 2021 på 481 dyr, ein auke på vel 70%.

Det vart i 2022 felt 657 dyr (mot snitt 418 dyr) – ein auke vel 57 %.

Fellingsprosenten for 2022 vart 80,2% (mot snitt 86,5%), altså ein nedgang i fellingsprosenten.

I tillegg var det fri kalveskyting, men effekten av denne er uklår og den er ikkje skild ut i statistikken.

Om fri avskyting av kalv:

Førre års frie avskyting var hefta med nokre uklarheiter, og det kan difor vera vanskeleg og sjå effekten av tiltaket.

Me har søkt om fri avskyting også for 2023, og har fått bekrefte løyve til kvotefri jakt på hjortekalv for seasonen 2023. Kommunen kan difor sjølv treffe avgjerd om ein ynskjer det, og i kva omfang.

Vurdering

Resultata viser ein klår auke i talet på felte dyr, ein auke på 57%.

Fellingsprosenten var på 80 %, som er relativt lågt. Særleg om en legg til at fri kalveskyting vart utført i nokon grad, men ikkje inngår i fellingsløyva på 819 dyr.

Me har sett på resultata opp mot målsettingane i forvaltningsplanen.

Tiltaks mål	Uttak av dyr	Uttak av dyr i %
Uttak av kalv og ungdyr skal ligge på minimum 60 %	414	63,0
Maks 35 % eldre hodyr	154	23,4
Maks 15 % eldre hanndyr	89	13,5
Maks 15 % spissbukk	96	14,6
Minimum 35 % hodyr, 1,5 år eller eldre	273	41,6

Som ein kan sjå av tabellen er fordelinga av felte dyr i tråd med tiltaks måla i forvaltningsplanen.

Det er ei målsetting i forvaltningsplanen at «uttaket av hjort må vera høgt nok til å redusera hjortestamma til eit berekraftig nivå».

Resultata av førre års jakt visar at ein har lukkast med å ta ut fleire dyr, og at uttaket er innafør målsettingar i planen. Det er likevel for kort periode til at ein har tal som visar i kor stor grad ein faktisk har klart å redusera bestanden, om noko i det heile.

Kommunedirektøren vil difor tilrå at den overordna kvoten for kommunen vert på same nivå som vedteke for 2022.

Behovet for å redusera kalvebestanden er ulikt i kommunen. Ein vil difor tilrå at dei enkelte vald kan søke om fri avskyting av hjortekalvar. Slik søknad må grunngje behovet og sendast kommunen innan 10. juni.

Samla sett vurderer kommunedirektøren at ein for jakt sesongen 2023 bør halde seg til nivået frå fjoråret ved tildeling av kvote. Resultat frå komande jakt sesong vil truleg kunne gi noko betre grunnlag for å vurdere målsettingane i forvaltningsplanen for hjort.

Konklusjon

Kommunedirektøren vil med bakgrunn i forvaltningsplanen for hjort og resultata frå jakta i 2022 føreslå følgjande rammer for jakta i 2023:

- Ramma for tildelte dyr vert uendra frå 2022, dvs. ein ramme på 819 dyr.
- Administrasjon fordel kvota etter gjeldande retningsliner, i tråd med forvaltningsplanen og med dei justeringar ein vurderer som naudsynt.
- Administrasjonen kan – etter grunngjeve søknad frå hjortevalda – i tillegg gi løyve til

kvotefri jakt på hjortekalv i heile jaktperioden.